



Anita Bakken  
Stranda 800 B  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2018 - 19/36765

Saksbehandlar:  
Johnny Danielsen  
johnny.danielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
09.12.2019

## Referat frå møte i Skulemiljøutvalet onsdag 4. desember

### Tilstades:

Eva Hindenes (FAU-leiar), Henriette Telle (FAU), Kari Zahl Nævdal (FAU), Nina Eide (Lærer), Gunn Rusten (Lærer), Gullborg Tresnes (Andre tilsette), Johnny Danielsen (Rektor), Anita Bakken (komm.repr.)

### Sakliste:

#### Sak 07/2019-2020

##### Godkjenning av innkalling og sakliste.

- a) Innkallinga vart godkjent utan kommentar.
- b) Saklista vart godkjent utan kommentar.

#### Sak 08/2019-2020

##### Tilbakemelding om resultatane frå elevundersøkinga og relasjonsundersøkinga i haust.

Tala frå Elevundersøkinga i skuleporten viser at Ostereidet barneskule gjer det bra på elevdemokrati, oppfatning av felles reglar, trivsel, vurdering for læring og støtte frå heimane. Her ligg vi over nasjonalt snitt. Områder vi ønskjer å utvikle er i første rekke å betre dei faglege utfordringane til elevane, deira meistringskjensle og motivasjon for skulearbeidet. I samband med dette skal alle tilsette ved barneskulen delta i eit utviklingsarbeid i samband med Challenging Learning.

Relasjonsundersøkinga som vart gjennomført tidlegare i haust gav lærarane god innsikt i korleis elevane opplev relasjonane til sine medelevar i klassen sin. Derimot gav undersøkingane ingen store overraskingar i klassane, noko som viser at lærarane har god oversikt over elevane sine relasjonar til kvarandre.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



## **Sak 09/2019-2020**

### **Ståa for saken om fulle skulebussar.**

I samarbeid med ungdomskulen har vi tatt ein oppteljing av dei elevane som skal ha plass på Hindenesbussen og Fyllingsnesbussen til og frå skulen. Det vi oppdaga er at tala for dei som har busskort og skal ha plass overstiger det som vi trur det er plass til på ein buss. For Fyllingsnesbussen er det totale talet på elevar som skal ta denne bussen 62, og tilsvarende tal er 52 for Hindenesbussen. Desse tala gjer oss litt urolig for om det er nok seter med setebelte til alle elevane. Rektor har prøvd å kome i kontakt med dei som styrar med skulebussane for å finne ut kva tal elevar dei har for desse busstrekningane, og kva kapasiteten er på dei bussane som opererer strekningane.

Vy som opererer strekningane har prøvd å styre lessing på busstopp i samråd med sjåførene på Ostereidet for å betre situasjonen, men det er Skyss sentralt i fylkeskommunen som organiserer sjølve skuleskyssen. Rektor har sendt mail til Skyss om problemet 13. nov, og fått til svar at saka er oversent faggruppen for Skoleskyss hos oss som vil se på dette sammen med ruteplanlegger for området. Dersom vi ikkje høyrer noko før jul, vil rektor ta saka opp att.

## **Sak 10/2019-2020**

### **Eventuelt.**

A) FAU informerte om at dei jobbar mot kommunen sin eigedomsavdeling for å få til ein fysisk sperre ved oppkøyringa til idrettsbygget.

B) Det vart uttrykt uro over dei mange tilfella av hærverk på barneskulen i helgane. Mest sannsynleg er det i samband med Fredagskaféen i kyrkjekjellaren at mesteparten av dette hærverket blir gjort. Viktig at både ungdomskulen, natteravnane og fredagskaféen er klar over at dette skjer, og eventuelt gjer det dei kan for å forebyggje så mykje som mogleg.

Med helsing

Johnny Danielsen  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Anita Bakken

Stranda 800 B

5993

OSTEREIDET